

SKYSSREGLEMENT

FOR GRUNNSKOLE I MØRE OG ROMSDAL

“Skoleskyss” er den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad. Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for skoleskyssen. Fylkeskommunen har egne retningslinjer for skoleskyss til grunnskole og vidaregåande skole, opplæringslova omtalar skoleskyss i § 7 og §13-4. Reglementet fastset rettar, rutinar og praksis for skoleskyssen i Møre og Romsdal.

**Vedteke av Fylkestinget i Møre og Romsdal
Møtedato 14.10.2013, sak T-60/13
Gjeld frå 01.01.2014**

Punkt 5.2 i skyssreglement er oppdatert med presiseringer i samsvar med sivilombudsmannens uttalelse 08. august 2016

Lovgrunnlag

Skyssreglementet byggjer på:

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

Rundskriv Udir-3-2009

Lov om private skolar med rett til statstilskot (Privatskolelova)

INNHALD

Lovgrunnlag

1.0 Skyssrett

1.1 Avstand

1.2 Skoleskyssen er knytt til skolen sine start og sluttider

1.3 Båt

1.4 Varig og mellombels funksjonshemming

1.5 Bustad

1.6 Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg

1.7 SFO

2.0 Val av anna skole

3.0 Elevar i private skoler

4.0 Vaksne i grunnskoleopplæring

5.0 Skysstandard, gangavstand og reisetid

5.1 Gangavstand

5.2 Reisetid

5.3 Skysstandard

6.0 Kommunane sitt ansvar

6.1 Ansvar til kommunen

6.2 Naudsynt reisefølge

6.3 Naudsynt tilsyn

6.4 Psykososialt miljø

6.5 Bortvising frå skoleskyssen

6.6 Naudsynt transport, symjehall, ekskursjonar ol.

6.7 Naudsynt skyss, utplassering

6.8 Skyss for førskolebarn

6.9 Særleg farleg skoleveg under skyssgrensa

6.10 Kommunal refusjon/eigendel

7.0 Administrering

7.1 Innmelding

7.2 Ruteselskapet sitt ansvar

7.3 Skysskort

8.0 Klage

9.0 Endringar i skyssreglement

1.0 Skyssrett

Som hovudregel har elevar i grunnskolen rett på gratis skoleskyss når dei har meir enn 4 km skoleveg. For 1. klasse gjeld retten når eleven har meir enn 2 km skoleveg. (Elevar i vidaregåande skole har ei skyssgrense på 6 km.) Fylkeskommunen har og ansvar for skoleskyss til private skolar som får statsstøtte.

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss til/frå skole og SFO, har skyssrett utan omsyn til veglengda mellom bustad og opplæringsstad. (Opplæringslova § 7-3).

1.1 Avstand

Ein måler den kortaste avstanden på farande veg frå bustad til opplæringsstad (dør til dør). Kortaste farande veg omfattar, i tillegg til køyreveg, gangvegar og private vegar som er open for allmenn ferdsel.

Ved måling av skolevegens lengde skal fylkeskommunen si digitale utrekningsteneste nyttast, Gislink er godkjent som måleverktøy ved skoleskyss. Det vert akseptert eit slingringsmonn på inntil -25 meter i høve til utmålt resultat

Utrekningsteneste finn ein på nettsida til fylkeskommunen eller på http://www.gislink.no/gislink_skoleskyss/

1.2 Skoleskyssen er knytt til skolen sine start- og sluttider.

Elevar med varig eller midlertidig funksjonshemming med behov for tilpassa skyss har i tillegg skyssrett til og frå SFO.

Dersom til dømes heile skolen sluttar kl 1200, er dette ordinær sluttid den dagen. Dersom halvparten sluttar kl 1200 og den andre halvparten kl 1400, er kl 1400 å rekne som ordinær sluttid. Dersom skolen har sluttider før ordinær skoleslutt og skolen/kommunen ønskjer å skyse elevane heim, er det urimeleg at fylkeskommunen skal dekke meirkostnadane med denne skyssen, sjå punkt 5.3.

Vi reknar det som ordinær start- og sluttid:

- sjølv om skulane innbyrdes i kommunen sluttar til forskjellige tidspunkt
- når ein skole sluttar på forskjellige tidspunkt frå dag til dag i løpet av veka

Ved sentralskolar (barne- og ungdomsskole lokalisert saman) er det høve til å sjå på barneskolesteget (1.-7.) og ungdomsskolesteget (8.-10.) som to åtskilte skular.

Kommunen skal i samråd med fylkeskommunen planlegge reisetider. Skoleskyss vert planlagt saman med skysstilbod som fylkeskommunen alt har sett i gang dersom det oppfyller retten til elevane. Kommunen kan for eiga rekning organisere tidlig heimkøyning uavhengig av den fylkeskommunale skoleskyssen. Sjå punkt 5.3

1.3 Reise med båt

Elevar som må nytte båt mellom bustad og opplæringsstad har skyssrett. Skyssen gjeld utan omsyn til reiselengde (Opplæringslova § 7-1)

Ved båtskyss må elevane akseptere ein gangavstand på 1 eller 2 km, sjå punkt 5.1

1.4 Varig og mellombels funksjonshemming

Fylkeskommunen har ansvaret for å organisere skoleskyss for elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss til og frå skole og SFO. (Opplæringslova § 7-3, ved eventuell trong for følgjeperson sjå, §7-2). Sjå punkt 5.2 i skyssreglementet.

For funksjonshemma elevar (varig og mellombels) krevst det erklæring frå lege/sakkunnig for å få ei tilråding om kva transportmåte eleven treng. Dette gjeld og ved vurdering av trong for eventuell følgjeperson. Fylkeskommunen sitt utarbeidde skjema skal nyttast og sendast saman med skjema for skyssinformasjon frå skolen, desse to skjemaa er til saman søknad på skoleskyss.

1.5 Bustad

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Ved delt bustad (tidligere delt omsorg) er bustad begge foreldrebustadene. Asylmottak, fosterheim og avlastningsheim er bustad.

Udir-3-2009, punkt 4: *“Eit barn kan ha rett til skyss frå begge dei føresatte sine bustader etter opplæringslova § 7-1, så sant barnet faktisk har delt bustad. Eit barn har delt bustad når det bur tilnærma like mykje på begge stader. Eit barn med “vanleg samværsavtale” etter barnelova, har dermed ikkje delt bustad. I vurderinga av om barnet har delt bustad i høve til reglane om skyss, må det takast omsyn til retten til skyss er etablert for å sikre opplæringsretten. Reglane om skyss har ikkje som føremål å sikre “vanleg samvær”. Utgifter til dette må foreldrene dekkje sjølve.”*

Det krevst ikkje absolutt 50/50 omsorgsdeling, men delt bustad skal vere reell og dokumenterast ved avtale. Skolane innhentar slik dokumentasjon før skoleskyss vert bestilt. NAV skjema ”Avtale om delt bustad” er eit skjema ein gjerne kan nytte til dette. Skyssretten gjeld og når den eine av heimane ligg i ein annan kommune. Kommunen som er ansvarleg

for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring (der eleven er folkeregistret) betalar fastsett persontakst for utføring av skyssen.

Utdrag frå rundskriv Udir-3-2009: *“Det er likevel viktig å merkje seg at vurderingar knytte til forsvarleg reisetid vil kunne avgrense rett til skyss frå begge bustadar.”*

Ved mellombels bustad: Asylmottak, fosterheim, avlastningsheim blir rekna som bustad for elevar som har rett til grunnskoleopplæring. Ved barnevernsaker har barnevernet ansvar for meirkostnadar ved skyss fram til barnet har fått ein meir permanent bustad (rundskriv Udir-3-2009, punkt 5)

Elev som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret (t d turistbedrift med sesongdrift, stølsdrift), har rett på skyss dersom skyssretten elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad (ikkje fast bustad), har elev ikkje rett på skyss.

1.6 Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda (Opplæringslova § 7.1). Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg vert vurdert med omsyn trafikktilhøve og klima. Vurderinga skal sjåast saman med den enkelte elev sin alder og modnad.

Omgrepet ”særleg farleg eller vanskeleg” inneber at faren ved å ferdast på denne vegen er utanom det vanlege.

Sjå rettleiing “Særlig farlig eller vanskelig skolevei” –Trygg Trafikk. Link til dette dokumentet finn de på nettsida vår.

Dersom avstanden er under skyssgrensa er det kommunen som fattar vedtak og har det praktiske og økonomiske ansvaret.

”Foreldre har hovudansvaret for trafikkopplæringa for egne barn” – sitat frå rettleiar til Trygg Trafikk, i tillegg har kommunen eit ansvar gjennom skolen sin trafikkopplæring og internkontrollsystem. Elevar med spesielle behov kan ha bruk for tettare oppfølging.

1.7 SFO

Opphald i SFO er ikkje opplæring i medhald av opplæringslova, og gjev ikkje skyssrett (unatak sjå punkt 1.4). Elevar som deltek på SFO/leksehjelp kan bydast skoleskyss dersom elevane kan nytte seg av eksisterande skyssopplegg, og dette gjev ei innsparing av skysskostnadar i forhold til reise til ordinær skoletid. Funksjonshemma elevar med midlartidig eller varig behov for tilrettelagt skyss har skyssrett mellom bustad og SFO.

Elevar som etter kommunalt einskildvedtak får spesialpedagogisk opplæring med heimel i Opplæringslova §5-1, og opplæringa er lagt til SFO, har rett til skyss som andre elevar.

Funksjonshemma elevar har rett til SFO-tilbod på sin skole frå 1.-7. klasse. Elevar som har avlastning eller andre tilbod før/etter skoletid har ikkje rett etter dette reglementet til fri skyss mellom dette tilbodet og bustad.

Barn som deltek på SFO/leksehjelp ved bindande påmelding skal likevel få skysskort til ordinær skoletid etter søknad på dette. Skolen pliktar å orientere foreldre/føresette om dette i samband med at dei søker på eller mottek plass på SFO/leksehjelp.

2.0 Val av anna skole

Elevar kan etter søknad takast inn ved anna offentleg skole enn i den skolekrinsen eleven høyrer til. Det er kommunen som avgjer om ein elev skal overførast til ein anna skole. Moglege meirkostnader belastast den einskilde kommune/foreldre.

Dersom kommunen etter søknad frå føresette, gjev eleven plass på anna offentleg skole enn den skolen eleven soknar til (nærskolen), kan kommunen setje vilkår om at skyss ikkje vert dekt. Dersom kommunen ikkje set slike vilkår vil kommunen vere å sjå som ansvarleg for å dekkje meirutgifter med denne skyssen. Dette gjeld også når opplæringa vert lagt til såkalte forsterka einingar eller liknande.

Utdrag av brev frå Utdanningsdirektoratet datert 07.10.2009 “Ansvaret for skyss til opplæring på annet sted enn nærskolen: ”*Utdanningsdirektoratet konkluderer etter dette med at kommunen som hovedregel er ansvarlig for skyssen (praktisk og økonomisk) når grunnskoleelever får opplæring på annet sted enn nærskolen. Dette gjelder uansett om opplæringen blir gitt i heimkommunen eller i annen kommune.*”

Det stiller seg annleis ved rehabilitering av skolebygg, der kanskje alle elevane for ein periode vert plassert på ein annan skole. Ansvarsreglane for skyss vil då gjelde § 13-4.

Ved rehabilitering av skolebygg og med dette endring i skyssrute, må kommunen orientere fylkeskommunen om endra skyssbehov tidleg nok til at fylkeskommunen kan gjere tilpassingar av det aktuelle ruteopplegg. Innmelding av ny skyssrute må skje innan 1. desember året før skolestart.

3.0 Elevar i private skolar

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7-1 første og andre ledd om skyss i grunnskolen, skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke § 7-3 og § 7-4 om reisefølgje og tilsyn. Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur. Sjå Privatskolelova § 3-7

4.0 Vaksne i grunnskoleopplæring

“Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring. Sjå opplæringslova §4A-7, unntak frå regelen er “den nye utvida gruppa”(jf kommentar til §4A-7)

I samband med søknad om skoleskyss må fylkeskommunen få tilsendt kopi av vedtak om at eleven har rett til grunnskuleopplæring etter Opplæringslova § 4a-1. Dersom eleven får tilbod om spesialundervisning etter Opplæringslova § 4a-2, andre ledd, skal det i tillegg vere gjort ei vurdering av PPT om at eleven har rett til slik grunnskuleundervisning. Stadfesting av at PPT har gjort ei slik vurdering må følgje søknaden. Sjå elles punkt 7.1 “Innmelding”.

Vaksne som mottok eit tilbod der hensikta er behandling, aktivisering, rehabilitering, opptrening, tilsyn eller anna kjem utanfor §4A-2, andre ledd, og vil ikkje ha rett til skoleskyss. Den vaksne vil kunne ha rett til skyss etter anna regelverk som td. trygdelova eller sosialtjenestelova.”

5.0 Skysstandard, gangavstand og reisetid

5.1 Gangavstand

Når fylkeskommunen har ansvaret for skyssen, må fylkeskommunen sørge for at skyssen blir forsvarleg på heile strekninga mellom bustad og opplæringsstad. (Opplæringslova § 13-4)

Dersom avstanden mellom bustad og opplæringsstad overstig 2 km (1. klasse) og overstig 4 km (2.-10. klasse), blir fylkeskommunal skyssrett utløyst. Ved utløyst skyssrett kan det krevjast at eleven går ein rimelig distanse frem til haldeplass.

I Ot prp nr. 46 (1997 – 98) står følgjande om rimeleg distanse: *“Skoleskyssen må organiserast slik at elevane får akseptable reisetid. Særleg er det viktig for 6-åringane å organisere slik at reisetida blir så kort som råd. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Det kan til dømes ikkje leggjast til grunn at avstanden fram til offentleg kommunikasjon kan vere 2 km for 1. klasse og 4 km for dei andre klassetrinna. Desse skyssgrensene løyser ut skyssretten, og det må leggjast til grunn at skyssstilbodet må dekkje størstedelen av totaldistansen. På den andre sida kan elevane vanlegvis ikkje krevje skyss heilt frå heimen. Det må kunne krevjast at eleven går ei rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass. Kva som er rimeleg distanse, må avgjerast etter ei konkret vurdering, der det blant anna blir lagt vekt på alderen til eleven, trafikktryggleiken og på kor framkomeleg strekninga er.”*

Det blir lagt til grunn ein rettleiande gangavstand på inntil 1 km (1. klasse) og inntil 2 km (2. – 10. klasse). Gangstrekninga skal vere forsvarleg i høve til trafikkfarleg veg. Det krevst

særlege forhold ved skolevegen for å utløyse skyss med bakgrunn i trafikkfarleg skoleveg, sjå punkt 1.6.

5.2 Reisetid

Den daglege skoleskyssen skal leggjast opp slik at samla reisetid er akseptabel etter ei konkret vurdering for den enkelte elev. Ved vurdering av akseptabel reisetid vil en ta utgangspunkt i elevens alder og ferdigheter.

Målsetjing er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skoleskyssen.

Samla reisetid (reise- og ventetid) er tida frå eleven går heimefrå og til undervisninga begynner, og tida frå undervisninga sluttar til eleven er heime på bopel. Vurdering av samla reisetid skal ta utgangspunkt i ordinær skoletid.

5.3 Skysstandard

Kommunen skal kunne vise elevane til skysstilbodet fylkeskommunen alt har sett i gang dersom det oppfyller retten til elevane. Om kommunen ynskjer ei betre tilpassing av skoleskyssen enn skyss etter eleven sine rettar i følgje Opplæringslova, vert kommunen sjølve ansvarleg for meirkostnadar ved dette.

6.0 Kommunane sitt ansvar

6.1 Ansvar til kommunen

Ansvar til kommunen omfattar alle elvever som er busett i kommunen. Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast, kan departement gje pålegg. (Opplæringslova § 13-4)

Opplæringslova fører inn ei plikt for kommunen til å samarbeide om å samordne skyssen. Kommunane skal ta behov for skoleskyss og organiseringa av skyssen med i vurderinga når timeplan vert fastsett. (Opplæringslova § 13-4, merknader Ot prp nr. 46, 1997-98). Det er føremålstenleg at skolane innan kommunen samarbeider om skoleskyssen. Omsyn til rasjonelle skyssløysingar skal vektleggast.

Departementet har delegert mynde til Statens Utdanningskontor til å avgjere tvistar mellom kommunen og fylkeskommunen når det gjeld §13-4 (om pålegg ved usemje om organisering og finansiering av skyss).

6.2 Naudsynt reisefølgje

Kommunen har ansvar for eventuelt naudsynt reisefølgje for funksjonshemma elevar (Opplæringslova §§7-4, 13-4).

Reisefølgje kan vere naudsynt for enkelte funksjonshemma elevar for at dei skal kunne nytte det skysstilbodet dei har rett til. Funksjonshemma elevar som ikkje kan reise med kollektiv transport åleine, har rett på følgjeperson frå dør til dør og på bussturen. Kommunen skal i slike tilfelle sørgje for å skaffe naudsynt reisefølgje og dekke utgifter i samband med dette. Kommunen vurderer periode for behov i samråd med sakkunnig. (Opplæringslova §§ 13-4, 7-4, merknader Ot.prp nr. 46, 1997-98)

Ein krev tilråding frå lege/sakkunnig om at reisefølgje er naudsynt.

6.3 Naudsynt tilsyn

Kommunen har ansvaret for eventuelt naudsynt tilsyn ved ventetid på skolen før og etter undervisning (Opplæringslova §§ 7-4, 13-4)

Regelen om tilsyn gjeld i hovudsak tilsyn medan eleven ventar på skoleområdet før og etter skoletid. Tilsyn i samband med at eleven byter skyssmiddel kan i særlege tilfelle vere omfatta av tilsynsplikta. Dette gjeld der situasjonen ved byte av transportmiddel er særleg farleg. (Opplæringslova §§ 13-4, 7-4, merknader Ot.prp nr. 46, 1997-98)

6.4 Psykososialt miljø

Skolen har ansvar for eit godt psykososialt miljø på skolevegen.

Opplæringslova § 9a-1 gir den enkelte elev rett til et godt psykososialt miljø; *“Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.”*

Retten etter § 9a-1 er ein individuell rett og utgangspunktet for vurderinga er den subjektive opplevinga eleven har av det psykososiale miljøet. Det psykososiale miljøet skal virke positivt på eleven si helse, trivsel og læring, tryggleik og sosial tilhøyring. Skolen har handlingsplikt og skal handtere oppmodingar frå elevar/foreldre (Opplæringslova §9a-3 og Udir-3-2009, punkt 11).

Med skolevegen meiner vi frå eleven forlèt heimen til undervisninga tek til, uavhengig av om barnet går eller vert skyssa.

6.5 Bortvising frå skoleskyssen.

Skoleskyss er ein lovfesta rett. Det er ikkje høve til å ta med i skyssreglementet noko form for straff eller sanksjonar mot elevar som viser uakseptabel åtferd under skyss til/frå skolen. Viss skolen likevel ønskjer å regulere åtferd under skoleskyssen, kan det vere praktisk å ta inn reglar om elevåtferd i skolereglementet. I spesielle tilfelle kan det vere naudsynt at skolen går inn med følgjeperson på bussen (sjå punkt 5.4). Opplæringslova gir i § 2-9 heimel til å gi forskrifter om ordensreglementet for grunnskolen. Ein finn i følgje Statens Utdanningskontor i Møre og Romsdal omfattande støtte i forarbeids for at skolereglementet også kan gjelde under skoleskyssen.

6.6 Naudsynt transport symjehall, ekskursjonar o.l.

Skoleeigar har ansvar for å skaffe og betale naudsynt transport i skoletida i samband med turar, ekskursjonar, idrettsdagar, symjehall, m.m. (Rundskriv Udir-3-2009, 2. punkt)

6.7 Naudsynt skyss utplassering

Kommunen har ansvar for å skaffe og betale naudsynt skyss ved utplassering i arbeidsveke.

Utdrag av brev frå Utdanningsdepartementet daterst 24.04.98: *“Fylkeskommunen er ikkje ansvarleg for skyss av elevar som er utplasserte i den ordinære arbeidsveka. Dette er skyss som oppstår som følge av den ordinære undervisninga.” “Kommunen har her et skyssansvar på same måte som ved skyss til symjehallen og ved ekskursjonar.”*

Faget “Utdanningsval” er definert som utplassering. Utdrag brev datert 3. juli 2008 frå samferdselsavdeling til kommunar og ruteselskap; *“Ein bør prøve å få utført skyssen mest mogleg med allereie eksisterande rutetransport. Kommunane si betaling vil då kunne vere gjeldande billettakst som grunnskoleskyss elles. Det kan vere elevar som alt i dag har dagleg skoleskyss, samstundes som det bør påreknast at hospiteringa vil gje skyssrett også for elevar som i dag ikkje har dagleg skyss. I den grad eksisterande skyss ikkje kan nyttast, og det må skipast eigne skyssordningar, vil kommunane ha ansvar for å betale for nye skyssordningar.”*

6.8 Skyss for førskolebarn

Kommunen har ansvar for å skaffe og betal naudsynt skyss til barn under opplæringspliktig alder som får spesialpedagogisk hjelp (Opplæringslova §§ 7-6, 13-4)

6.9 Særleg farleg skoleveg under skyssgrensa

Dersom avstand mellom bustad og undervisningsstad er under 2 km (1. klasse) og under 4 km (2.-10. klasse), har kommunen ansvar for å skaffe og betale skyss dersom skolevegen er rekna som særleg farleg eller vanskeleg. (Opplæringslova §§ 7-1, 13-4)

Kommunen gjer sjølv si vurdering om farleg skoleveg, sjå punkt 1.6.

6.10 Kommunal refusjon/eigendel

Kommunen har finansielt medansvar for grunnskoleskyss, og betalar refusjon/eigendel etter persontakst for elevar (og evt følgjeperson) som får skyss av fylkeskommunen (Opplæringslova § 13-4).

Eigendel for elevar som er innmeld med skoleskyss skal betalast etter vanleg persontakst for alle skoledagar til eleven, unntak er elevar med vinterskyss der ein betalar eigendel for alle skoledagar i vinterhalvåret.

7.0 Administrering. Utføring av skyss

7.1 Innmelding

Kommunen melder samla skyssbehov for komande skoleår til samferdselssjefen snarast råd og innan 15. mai. Innmelding skjer på den form/det format fylkeskommunen fastsett. Private grunnskolar sender inn elevlister/skysslister gjennom kommunen i god tid innan fristen.

Etter innmelding av elevar med skyssbehov vil eleven motta skysskort , dette er å sjå som vedtak om skoleskyss.

For elevar med varig eller midlartidig funksjonshemming som har behov for tilpassa skyssordning sender føresette søknad på tilpassa skoleskyss gjennom skolen/kommunen (lege-/sakkunnigerklæring saman med skyssinformasjon) til samferdselsavdelinga ved fylkeskommunen. Ved varig behov skal slik søknad sendast i post. Søknad på ny periode med tilpassa skyssordning sendast snarast og innan 1. juni.

Tilpassa skyssordning vert sett i verk så snart vedtak er fatta. Sjå skyssreglementet punkt 1.4.

7.2 Ruteselskapet sitt ansvar

Ruteselskapet har, etter avtale med fylkeskommunen og i medhald av vedtak/innmeldt skyssbehov, ansvaret for å utføre skoleskyssen dersom ikkje anna er bestemt av fylkeskommunen.

Skoleskyss i Møre og Romsdal fylkeskommune er i hovudsak ein del av ordinær rutetraffic. Skoleskyss blir primert utført med rutegående transportmiddel, med mindre elevar treng annan tilrettelagt transport. Tilrettelagt skyss bør samordnast for fleire elevar med mindre eleven treng å skyssast aleine på bakgrunn av tilråding frå lege/sakkunnig. Skoleskyss kan samordnast mellom grunnskolar og mellom grunnskole og vidaregåande skole.

Dersom ein elev har rett til fylkeskommunal skyss, og det ikkje finnast tilgjengeleg rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga, kan ruteselskapet gjere avtale om bruk av undertransportør (foreldrekøyring, drosje e.l.)

7.3 Skysskort

Ruteselskapet har ansvaret for å skrive ut skysskort til elevane.

Skolane kan hjelpe til med å fylle ut korta ved trong for dette. Det kan skipast andre former for identifisering av elevar med skyssrett, dersom ruteselskapet finn det meir tenleg.

Melding om tapte eller øydelagde skoleskysskort skal gå gjennom den einskilde skole til rutebilselskapet som skriv ut nytt kort.

Ruteselskapet kan krevje eit gebyr for å skrive ut nytt skoleskysskort ved tap. Det vert understreka at dette skal dekkje dei reelle kostnadene med å skrive ut nytt kort og ikkje vere ei straff.

8.0 Klage

Vedtak om grunnskoleskyss er eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket kan påklageast av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Fristen for å klage er tre veker etter at vedtaket eller ein kopi av det er motteke. Ei eventuell klage skal sendast til samferdselssjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune som kan gjere om vedtaket. Dersom klaga ikkje blir gjort om blir saka sendt vidare til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld spørsmål om retten til skoleskyss og skysstandard.

Elevar med behov for følgjeperson på reise til skolen eller har behov for skyss på grunn av særleg farleg skoleveg under skyssgrensa, og etter søknad til sin heimkommune har fått avslag på dette har klagerett. Klagen skal sendast til heimkommunen.

9.0 Endringar i skyssreglementet

Samferdselsutvalet kan vedta endringar i reglementet. Endringar som får større økonomiske eller prinsipielle konsekvensar for fylkeskommunen, skal leggest fram for fylkesutvalet/fylkestinget. Eventuelle forslag til endringar som gjeld kommunanes interesser, skal sendast til kommunane for høyring.

Samferdselssjefen kan gje utfyllande retningslinjer om administrering av skoleskyssen.

Samferdselssjefen kan ved særskilte høve gjere unntak frå reglementet.